



Sakshandsamar: Grete Haugan
Telefon: 57 64 31 48
E-post fmsfgha@fylkesmannen.no

Vår dato
13.06.2017

Vår referanse
2017/1224
Rapportnummer
2017.001.R.FMSF

EWOS AS avd. Florø
Postboks 153
6901 Florø

Revisjon ved EWOS AS avd. Florø- krav om retting av avvik – vedtak om gebyr

Rapporten omhandler resultat frå revisjonen, som vart presentert under sluttmøtet den 9.juni 2017. Rapporten skal sjåast på som endeleg.

Hovudfunn

Fylkesmannen påviste 2 avvik frå ureiningsregelverket og ga 1 merknad under tilsynet.

Avvik:

- **Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet**
- **Verksemda oppfyller ikkje alle vilkåra i utsleppsløyvet**

Merknader:

- **Fleire konkrete mål for ytre miljø bør dokumenterast skriftleg**

Funna er nærare omtalte i del 6 og 7 nedanfor, og rettleiing om dykkar oppfølging er nærare omtalt i del 3 nedanfor. Vi ber om tilbakemelding på retting av avvik innan 7. august 2017.

Med helsing

Eline Orheim
Assisterande fylkesmiljøvernsjef

Grete Haugan
Revisjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift

Kopi av rapporten vert sendt til: Flora kommune

1. Informasjon om verksemda:

Stad (namn på anlegg): EWOS AS avd. Florø Ansvarleg verksemd: EWOS AS	Verksemdnr.: 973083910 Eigd av: 979184832
Kontaktperson: Rune Ryland	Anleggsnr. og anleggsaktivitet: 1401.0011.01 Forproduksjon
<input checked="" type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert	Løyvedato og internt nr.: 10.10.2012 2012.0196.T
Risikoklasse: 2	Gebyrtsats etter § 39-8 i ureiningsforskrifta: Sats 3 kr. 101 700,-

2. Bakgrunn for revisjonen

Fylkesmannen skal jamleg føre tilsyn med verksemder i Sogn og Fjordane som har eit ureiningspotensial, eller som produserer eller handterer avfall. Dykkar verksemd får tilsyn både i form av grundig kontroll over fleire dagar som denne gongen, eller i form av inspeksjon som varar inntil ein dag.

Dette tilsynet vart gjennomført i tida 7. – 9. juni 2017 for å granske om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av ureiningslova, vert haldne.

Føremålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse- miljø- og tryggleiksarbeidet fungerer tilfredsstillande når det gjeld det ytre miljøet. Fylkesmannen har mellom anna granska om:

- verksemda sitt system for internkontroll (HMS-dokumentasjon) er hensiktsmessig og dekkande,
- aktivitetar og rutinar vert utførte som nedskrive og omtalt,
- verksemda når sine mål og driv sine aktivitetar innanfor eigne rammer og rammer som ureiningsstyresmaktene har sett.

Revisjonen vart gjennomført ved å granske dokument (skriftlege og elektroniske), intervjuje personar sentralt plasserte i organisasjonen og verifisere (stikkprøver, synfaring) at rutinar, prosedyrar og instruksar vert følgde i praksis.

Følgjande hovudtema vart omfatta:

- Internkontroll (ytre miljø)
 - Oversikt lov/forskrift
 - Risikovurdering
 - Konkrete mål
 - Årleg handlingsplan
 - Medverknad
 - Ansvar
 - Avvikshandtering
 - Årleg gjennomgang
- Utsleppskontroll til luft og vatn
- Støy
- Løyvet med vilkår
- Ureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Handtering av ordinært avfall
 - eige avfall
 - avfall frå andre

- Handtering av farleg avfall
 - eige avfall
 - avfall frå andre
- Handtering av kjemikal
 - oversikt
 - sikkerhetsdatablad
 - substitusjon

Vi gjer merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart gjennomgått under revisjonen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak.

Definisjonar

Avvik. Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga.

Merknad. Tilhøve som vi meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta det ytre miljøet, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad. Merknader kan gje grunnlag for enkeltvedtak med krav om tiltak.

Andre forhold. Saker som kom fram under kontrollen og som er nyttig for verksemda å kjenne til. Her kan også inngå kommentarar til tema som vart omtalt, men som ikkje inngikk i denne kontrollen.

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalte i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom merknaden og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige.

Vi ber om at de **innan 7.august.2017** melder attende per e-post til fmsfpost@fylkesmannen.no eller brev korleis avvik er retta, plan for vidare oppfølging og om det er gjennomført tiltak på bakgrunn av merknader. Vi ventar at de legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

Vi gjer merksam på at de kan finne oversikt over miljøloverket på www.lovdatabasen.no eller vist til frå www.miljodirektoratet.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn de på nettstaden www.regelhjelp.no. Reglane om gebyrinnkrevjing finn de under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda ikkje gjev tilbakemelding innan fristen, kan Fylkesmannen varsle tvangsmulkt til Staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

4. Vedtak om gebyr for kontrollen

Vi viser til varsel og omtale av gebyrplikt datert 30.03.2017. Verksemdar skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen i samsvar med § 39-8 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. På bakgrunn av medgått og venta ressursbruk må verksemda betale gebyr etter sats 3 i § 39-8 i ureiningsforskrifta for den gjennomførte kontrollen (kr. 101 700,-). Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven, adressert til Miljødirektoratet, men må sendast via Fylkesmannen. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett ovanfor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, vert for mykje innbetalt beløp refundert.

5. Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

6. Avvik

Desse avvika vart påvist under revisjonen:

Avvik 1	Verksemda etterlever ikkje alle krav til internkontroll for det ytre miljøet
----------------	---

Avvik frå:	Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta), § 5, andre ledd, punkt 1 og 7.
-------------------	---

Kommentarar:

EWOS fekk i 2015 nye eigarar, og det har siste året vore stort fokus på gjennomgang av bedrifta sine rutinar og innføring av Cargill sitt styringssystem. Dette er eit arbeid som framleis pågår. Det er difor ein del rutinar og prosedyrar som nyleg er endra, eller vil bli endra.

Revisjonsgruppa vil peike på følgjande forbetringpunkt ut frå det som vart gjort tilgjengeleg for oss under revisjonen:

Oversikt over relevante lover, forskrifter og løyve

Verksemda har ei samla oversikt over lover og forskrifter med lenker til Lovdata. I denne oversikta er det ein del lovverk som ikkje er særleg relevante for EWOS. I tillegg manglar ein del lovkrav, særleg i Ureiningsforskrifta. Ureiningsforskrifta «kapittel 18 – tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall» og «kapittel 27 – utslipp til luft fra forbrenningsanlegg med rene brenslar» er ikkje nemnt, men er begge gjeldande for EWOS si verksemd.

Med bakgrunn i krav i ISO 14001-sertifisering gjennomfører EWOS årleg samsvarsvurdering i forhold til lovkrav. I samsvarsvurderinga som er gjennomført i 2016 manglar det vurdering i forhold til ureiningsforskrifta kapittel 18 og 27.

I samsvarsvurderinga i forhold til utsløppsløyyvet er det lista opp ein del krav og grenseverdier som ikkje er i samsvar med dei krava som er gitt i gjeldande utsløppsløyyve.

Dette gjeld mellom anna:

- grenseverdier for utsløpp til luft frå fyringsanlegg. Her viser løyyvet til ureiningsforskrifta kapittel 27, og grensene for fyringsanlegg for gass mellom 5 og 50 MW er 170mg/Nm³ for NO_x og 80mg/Nm³ for CO.
- støyygrense for søndag (skal vere 45dbA)

Det vert og vist til feil støyygrense i Miljørapporten for 2016.

Avvikssystem

I 2016 har utsløpp til vatn vore over grenseverdier i utsløppsløyyvet. Måleverdiane er registrert i eigenrapporten til Fylkesmannen, men det er ikkje registrert som avvik i EWOS sitt avvikssystem (sjå avvik 2)

Avvik 2 Verksemda oppfyller ikkje alle vilkåra i utsløppsløyyvet

Avvik frå: Utsløppsløyyvet datert 10.10.2012, vilkår 3.1. Utsløppsavgrensingar

Kommentarar:

I verksemda sitt utsløppsløyyve frå 2012 er det sett utsløppsgrense på 100 mg/l for feitt i prosessavløpsvatnet. Eigenkontrollrapporteringa for 2016 viser at gjennomsnittet av 6 målingar ligg på 110 mg/l medan høgaste målte verdi er 190 mg/l. Grenseverdien er dermed overstigen. I 2015 var gjennomsnittet av målingane på 435 mg/l medan høgste målte verdi var 550 mg/l. Dette ga eit endå større avvik frå kravet i løyyvet. De har difor tilsynelatande hatt eit overutsløpp av feitt til vatn dei siste to åra. Dette utsløppet har ikkje vore handsama som avvik i verksemda sitt avvikssystem, jf. avvik 1.

Resultata frå feittmålingane som er utførte før 2015, har lege under grenseverdien.

Verksemda måler også på suspendert stoff og organisk stoff (målt som totalt organisk karbon, TOC), men for desse parametrane er det ikkje sett grenseverdier. Resultata frå målingane dei to siste åra viser at konsentrasjonane av desse parametrane også har vore høgare enn tidlegare år.

De forklarar auken i utsløpp med at det er innført nye rutinar for prøvetaking. Det er teke i bruk ein ny prøvetrekkar som samlar prøvar til ein døgnblandeprøve. Mengd prosessvatn er ikkje konstant gjennom prøvetakingsdøgnnet, noko som kan føre til at det vert teke for små prøvevolum. Prøvetakinga vert utførtd under full produksjon. Prøven vert send til Havlandet Forskinglaboratorium for analyse. Slike prøvar vart tidlegare sende vidare til Hardanger Miljøseneter, men sidan dette laboratoriet ikkje er akkreditert for dei aktuelle analysane, vert

prøvane no sende til Eurofins i Moss. Skifte av laboratorium kan også ha hatt innverknad på prøveresultata.

I tillegg vert no alt vatn som går ut frå verksemda, målt direkte med flow-målarar. Dette vil kunne verke inn på utrekninga av årleg utslepp til vatn, men ikkje på konsentrasjonen.

Verksemda har grenseverdi 50 mg/l for olje i avløpsvatnet, og de skal ta fire prøvar i året frå oljeutskiljaren. I 2016 vart det teke berre tre prøvar. Høgste målte verdi var 61 mg/l, og låg godt over grenseverdien. Gjennomsnittet av prøvane var på 46 mg/l, og låg dermed like under grensa. Overstiging av grenseverdien for olje i avløpsvatn, og at det berre var teke tre prøvar, var ikkje handsama som avvik i avvikssystemet, jf. avvik 1. Prøvane vert tekne rett frå oljeutskiljaren, og dei høge konsentrasjonane kan skuldast at oljeutskiljaren er utforma på ein måte som gjer det vanskeleg å få ut representative prøvar.

Avvika som har vorte avdekkja, viser at verksemda har utfordringar med utslepp til vatn, noko som truleg i stor grad kan knytast til korleis prøvane vert tekne. Mykje godt arbeid er gjort for å betre prøvetakinga, og analyseresultata for 2017 viser at de er på rett veg.

Verksemda må evaluere og vidareføre arbeidet som er gjort med reduksjon av utslepp til vatn og med metodikken for prøvetaking, slik at konsentrasjonane av feitt og olje kjem under utsleppsgrensene og prøveresultata vert representative for det faktiske utsleppet.

7. Merknader

Følgjande tilhøve ga grunn til merknader under kontrollen:

Merknad 1 Fleire konkrete mål for ytre miljø bør dokumenterast skriftleg

Kommentarar:

Mål og måloppnåing for ytre miljø skal vere ein del av den skriftlege dokumentasjonen i internkontrollen.

I følgje styringssystemet for ytre miljø basert på ISO 14001 har Cargill følgjande miljøpolitikk:

«Cargill overholder alle aktuelle miljøkrav og forebygger forurensning. Vi forbedrer oss kontinuerlig i henhold til kriterier som er relevante for vår forretningsvirksomhet og drift.»

Cargill/EWOS har skriftleg formulert mellom anna følgjande langsiktige mål for ytre miljø - reduksjon av energiforbruk (til 200 kwh/tonn), reduksjon av vassforbruk med 10% og avfallsreduksjon på 50%.

EWOS bør sette seg fleire konkrete og etterprøvbare mål som kan vurderast jamleg mht. måloppnåing. Under revisjonen kom det fram fleire punkt der det vert arbeidd med forbetringar, men der konkrete mål ikkje er dokumentert skriftleg som ein del av internkontrollen.

Nokre eksempel er:

- Bedrifta brukar mange kjemikaliar, og det vert arbeidd med ein reduksjon av tal kjemikaliar til ca 200.
- Utslepp frå oljeutskiljar bør vere vesentleg lågare enn 50 mg/l i denne type verksemd. Ei grense på 20 mg/l er vanleg krav i nye utsleppsløyve.

8. Andre tilhøve

EWOS avd Florø fekk 10.10.2012 oppdatert utsleppsløyve etter ureiningslova. Vi ser i dag at det er nokre punkt i løyvet som bør endrast. Dette er formelle ting som vart omtalt etter sluttmøtet, og som ikkje er av ein slik karakter at det er behov for høyring eller offentleg ettersyn. I forkant av ei slik oppdatering ber vi også om at de gjer ei risikovurdering av utslepp til sjø ved reingjering av saltvassscrubberane, slik at vi kan vurdere om dette er noko som bør omtalast i eit oppdatert løyve.

9. Gjennomføring

Revisjonen vart gjennomført slik:

1. Førehandsvarsling 30.mars
2. Opningsmøte 7.juni. Informasjon om gjennomføring av revisjonen, praktiske avklaringar
3. Intervju 8.juni
4. Avsluttande møte 9.juni.

I vedlegg 1 er det sett opp oversikt over deltaking.

10. Dokumentgrunnlaget

Lovgrunnlaget for kontrollen er:

1. Ureiningslova (lov 13.3.1981 om vern mot forurensningar og om avfall). Særleg viktige reglar er § 7 om plikt til å unngå ureining og tiltakspflicht dersom ureining oppstår, § 20 om tiltak ved driftsstans, § 28 om forbodet mot forsøpling, § 32 om plikt til å levere næringsavfall til godkjent mottak og kap. 6 om akutt ureining. Merk også at brot på ureiningslova er straffbart etter reglane i §§ 78 og 79.
2. Ureiningsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 931 om begrensning av forurensning).
3. Avfallsforskrifta (forskrift 1.6.04 nr. 930 om gjenvinning og behandling av avfall).
4. Internkontrollforskrifta (forskrift 6.12.96 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, *med vekt på ytre miljø*)
5. Utsleppsløyve dagsett 10.10.2012

I tillegg har vi sett på og vurdert:

1. Eigenrapport til FMVA (årleg)
2. Eigen internkontrolldokumentasjon.
 - a. Oversyn over mål
 - b. Oversyn over organisasjonen; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit i høve til HMS.
 - c. Risikoanalyser

- d. Handlingsplanar innan HMS
- e. Avviksrapportar og eigen oppfølging
- 3. Deklarasjon av farleg avfall
- 4. Nedskrivne rutinar og eigen oppfølging av desse.
- 5. Kjemikaliehandteringa
 - a. Verksemda sitt stoffkartotek
 - b. Rutinar for handtering av kjemikal og dokumentasjon på vurderingar gjort i høve til substitusjon (av helse- og miljøfarlege kjemikal)

Vedlegg 1. Deltakarar

Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
EHS-koordinator	X	X	X
Fabrikkssjef	X	X	X
Vedlikehaldscoordinator	X	X	X
HMS-koordinator	X	X	X
Operatør/scrubberansvar		X	
Operatør/hovudverneombod		X	X

Miljødirektoratets revisjonsgruppe:

Grete Haugan, revisjonsleiar

Grete Hamre, revisor